

## Offentleggjing av namneforslag som har kome inn :

Som kjent har innbyggjarar generelt og skuleelevar spesielt blitt inviterte til å kome med forslag til namn på den nye kommunen når Stordal og Norddal skal bli ein kommune. Det har kome inn over 60 ulike forslag til nytt kommunenamn. Somme forslagsstillarar har foreslått fleire namn, og nokre namn er blitt foreslått av fleire personar. Det er gledeleg at så mange har engasjert seg i dette. No har fellesnemnda mange gode namn å vurdere.

Nesten halvparten av namneforslaga har ordet fjord i seg – enten som forstaving eller som siste del av namnet. Om lag 20 av framlegga har i seg ordet dal – enten som forstaving eller som siste del av namnet. Dette syner at fjord og dal ikkje overraskande er ein sterk del av identiteten til den nye kommunen. Det som skal skje vidare no, er at fellesnemnda skal kome med forslag til nytt namn. Namnespørsmålet skal drøftast i eit felles kommunestyremøte før begge kommunestyra skal gjere vedtak. Så skal namneforslaget vedtakast ved kongeleg resolusjon. Er ein lokalt einig i namnevalet, skal det mykje til at dette ikkje vert godkjent. Er ein derimot ikkje einig, vil avgjerda bli tatt av departementet. Det er vanleg at Språkrådet får uttale seg om skrivemåte av namnet. Namnet må vere unikt i den forstand at det ikkje kan vere i bruk som kommunenamn ein anna stad i landet.

Forslag til kommunenamn		
Namn som startar med Fjord:	Namn som startar på Dal	Andre namneforslag:
Fjord	Dal	Linge
Fjorden	Dale	Storvall
Fjordane	Dalane	Storvalla
Fjorddal	Dalvik	Stornord
Fjordvall		Nordstad
Fjordfin	<b>Namn som endar på dal:</b>	Storstrand
Fjorddalane	Helgdal/Helgedal	Stormøre
Fjordblomst	Snordal	Landrik
Fjordstor	Fjelldal	Fjell
<b>Namn som endar på fjord;</b>	Sjødal	Fossefall
Nordstorfjord	Skogdal	Ormula
Dalfjord/Dalsfjord	Bødal	Blåtind
Storfjord	Elvadal	Hove
Storfjorden	Soldal	Stevn
Indre Storfjord	Pardal	Skogstad
Tafjord	Nydal	Samdalsli
Vestfjord	Sunndal	
Vestfjorden	Stornorddal	
Lingefjord	Langdal	
Nordfjord	Rosedal/Rosdal	
Stornordfjord	Herdal	
Blåfjord	Ordal	
Godfjord		
Sunnfjord		
Indrefjorden		
Finfjord		
Dantefjord		
Javlafjord		
Fjellfjord		

